Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. 7

Herad: Hemsedal

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: Ola Rudvin (f. 1898)

Gard:

(adresse): Hammerstadgt. 12 B II, Oslo

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Har ikkje høyrt gjete at fekarane betalde meir for kyr som hadde fått skav. Hadde dette vore vanleg, trur eg ein måtte ha høyrt om det.

2. Har heller ikkje høyrt om at kyr skulle få mørhare kjøt av å eta skav.

3. Heller ikkje at mjølk frå kyr som hadde fått skav, skulle vera skadeleg på nokon måte. (Dette er sjølvsagt ikkje noko avgjerande prov for at det i bygda ikkje har vore noko slag truer vedkomande skav i eldre tid).

4-6. Skav vart svært lite nytta til kufor i min oppvekst. Så vidt eg minnest, var det berre ei einaste gong dei greip til denne utvegen heime. Eg trur heller ikkje at dei rekna skav for å vera større tess som fôr. Dei hadde andre ting som var betre. Men kom dei i knipe, og det endå var tidleg på året og ikkje stort anna å få tak i, kunne dei sakte verta nøydde til å bruka skav. I eldre tid var det meir om å

9104

gjera å få fram så stor bøling som mogleg, og då nytta dei alle slag naudråder. Om vintren og tidleg på våren gav dei __ris__ (bjørkeris), i gamal tid ved å la krøtera koma ut på bert for å „bite beit". Vidare nytta dei __raune-log__ og __hestegjødsel__ (blanda med hakkels eller anna), dessutan __mose__ (reins-mose el. „kyr-mose" dei kalla) når det lei så langt at marka var berr (dessutan vart mosen sanka om hausten til vinterforing). Ris og mose var nok frå gamalt av nytta ein god del meir enn skav. – Av anna ruskafor som dei gav attåt, kan nemnast (det var sanka om sommaren til vinterfor): rispalauv, kjerrvelauv og rakalauv (om hausten). T. d. av kjerrvelauv vart det nytta store mengder (og det vart heller ikkje rekna for å vera dårleg for).

Skavjarn har eg ikkje sett eller høyrt gjek heime (men for det kan det sjølvsagt ha vore i bruk i eldre tid)

7-12. Har ikkje høyrt nemnt skavskog eller om reglar for bruk av skavskog. Det vart nytta så lite skav at noko slikt lite kom på tale. Hadde dei bruk for skav, eller nytta dei skav, så skov dei det som dei hadde av råbjørk (som vart køyrd heim på vinterføret). Men som regel vart ikkje skavet nytta til fôr. (Derimot stundom iblant til garving).

1-3-58.

Ola Rudvin

9104

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING